



Kristian Bringedal, Gunn Mari Moberg og Uskedal utvikling inviterer til tilflyttersamling.

Uskedal utvikling inviterer alle som har flytta til Uskedalen dei seinare åra, til samling i Gamleskulen kl.18 i kveld, onsdag. Det vert informasjon om lag, fritidsaktivitetar, næringsliv og tilbod som ein kan få glede av i her i bygda. Gratis servering vert det også. SPAR har tilbydd seg å stilla både med pizza og kaffimat.

Bakgrunnen for samlinga er at Uskdalen er så heldige at mange flyttar til bygda. Det vert altså ei koseleg samling med informasjon, servering og der ein snakkar saman og vert litt kjende. Samlinga er for både born og vaksne.

Det er delt ut invitasjonar i postkassar, gjennom skulen og på butikken, men det er vanskeleg å ha oversikt og nå ut til alle. Derfor kan nokre som er flytta hit, vera gløymde. Dei må berre koma! Alle tilflyttarar er like velkomne.

Gamleskulen er ved Spar-butikken, og vi ser den i bakgrunnen på biletet. Hvis nokon ikkje veit kor det er, kan dei berre møta på parkeringsplassen ved butikken.

Uskedal utvikling håpar mange kjem, sjølv om det er haustferie.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland